



Sankefeller for sau - til god hjelp i sanken

Forfatter

Torhild Svisdal Mjøen, Oppdal Landbruksrådgivning

Sammendrag

I Oppdalsfjella har det i noen år blitt brukt feller i samband med sauesankinga. Dette har vore så vellykka at fleire og fleire har bygd seg feller i samband med sankeanlegg og setre. Vi har vore i kontakt med fleire gardbrukarar som har fortalt om sine erfaringar med slike feller og alle er samstemte om at dette er til svært god hjelp.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2014

Utskriftsdato

22.07.2019 www.fag.nsg.no



Larssetra i Unndalen: Vi ser ledeutgarden med to grinder. Sauene blir leda ned mot fella, som er dei grindene og rampa vi ser midt imot.

Sankefeller for sau - til god hjelp i sanken

I Oppdalsfjella har det i noen år blitt brukt feller i samband med sauesankinga. Dette har vore så vellykka at fleire og fleire har bygd seg feller i samband med sankeanlegg og setre. Vi har vore i kontakt med fleire gardbrukarar som har fortalt om sine erfaringar med slike feller og alle er samstemte om at dette er til svært god hjelp.

Sauefellene er ein del av sankeanlegga, dei fleste står opne om sommaren slik at sauene kan gå ut og inn som dei vil. Med saltstein som fristelse er dyra innom med jamne mellomrom i beite-

sesongen, og blir slik vant til fella. I vårt område er all sauesanking ordna i beitelaga der mykje sau vert sankt samstundes, da gjer fellene mest nytte i ettersankinga. Dyr som ikkje kjem med i hovedsankinga, kjem som oftast innom saltsteinen ved setra dei høyrer til og vert da fanga. Ein slepp å leite etter dyr som går for seg sjølve og kan vere svært arbeidsame å få tak i.

Over 90% på få dagar

I samtale med Narve Hårstad, som slepp 195 sauer på Larssetra i Unndalen, kjem det fram at etter å ha brukt fella ved setra i tre år, sankt han sist haust 165 dyr det første døgnet, og 13 til kom inn i fella dei to neste dagane. Da var det berre att 13 dyr å


leite etter. Narve presiserer at han driv med spælsau som er meir flokkdyr enn den norske kvite, dette aukar nok effekten av fella noko.

Ulike tekniske løysingar

Det er litt ulik utforming på systema rundt fellene. Narve presiserer at plasseringa av saltsteinen er viktig for å få fella til å virke. Ovanfor utgarden til setervollen har han satt opp ein ledeutgard som går oppover i beitet. I denne er det to tregrinder som står opne om sommaren, dvs. «fri ferdsel», og saltsteinen står ved den øvre. Når fella vert opna, flyttar han saltsteinen inn på vangen (setervollen) og dei to grindene i utgarden vert stengt, slik at sauene blir leda nedover til fella. Fella,

Figur 1: Skisse av systemet rundt fella på Larsetra.

Grindene i ledeutgarden er opne om sommaren, men rampa er stengt med netting/tregrindar. For meir detaljar sjå neste bilde.



eller rampa om ein vil, er plassert der ledeutgarden møter utgarden rundt setervangen. Nettingbiten ute på rampa blir satt opp, og rampa opna mot vangen. Sjå figur 1. No vert sauene leda nedover og kan hoppa ned frå fella/rampa og inn på setervangen, der dei finn saltsteinen og er fanga. Narve har øvd sauene litt slik at ei veke før sankinga er vangen open og sauene kan gå ut att.

Felle på brua

I Orkeldalen finn vi to andre variantar, den eine er ny og den andre er «gamal». Erik Ottvad på Fossan har setervangen sin på eine sida av elva, medan beitet er på andre sida. På brua som alle sauene må krysse, både vår og haust, har han laga ei felle. Om sommaren går sauene att og fram over brua mellom beitet og setervangen for å finne seg salt. Om hausten blir brua ei felle ved at enden på brua blir løfta litt opp, og dyra må hoppe ned på vangen og kjem seg dermed ikkje tilbake på brua.



Felle med rampe og ledeutgård på Larsetra. Her blir det hallande terrenget utnytta. Om sommaren er rampa stengt med tregrindar.



Her er brua som fører over elva ved Fossan. Delen nærast vangen kan løftast opp og bli ei rampe dyra må hoppe ned av. Saltsteinen er strategisk plassert.

Bygde eigen rampe

Den andre fella vi har sett på er ny og vi finn den hjå Eivind Såstad Mjøen på Hånnåbekken. Denne fungerer, som dei fleste andre fellene i Oppdal, ved at fella/rampa står ved sida av grinda til vangen. Her er det satt opp ein saltstein som dyra finn gjennom heile sommaren.



Ei tradisjonell felle med rampe og grind inn til setervollen på Hånnåbekken. Saltsteinen ser vi midt imot.

Når han vil starte sankinga blir grinda lukka og dyra må hoppe ned frå rampa for å kome til saltsteinen, og blir

slik fanga på vollen. Fordi det er flatt rundt vangen måtte ein bygge opp ei rampe.

Som hjå dei andre er det berre ein del av setervangen som er tilgjengeleg ved saltsteinen om sommaren. Ein ynskjer at dyra ikkje skal bli for lenge ved saltsteinen da dette er ein plass for smitte, og gras på vollen trengst til hausten.

Fleire følgjer etter

Når det er sau inne på setervangen om hausten, kjem det lettare fleire til. Slik kan det vere greitt at nokre søyer blir att der når dei andre blir køyrd til bygda, for å trekkje til seg dei som ikkje er sankta. Eivind fortel at han brukar fella både før hovudsankinga, og til ettersanking. Han har sauene innerst i Orkeldalen. Om sauene går over elva eller bekken ved setra kjem dei inn i eit anna sankelag. Tidleg på hausten vil ein del av sauene kome til setra for å få salt, og så trekke over elva og bekken. For å stoppe desse frå å kome inn i feil beiteområde blir no fella satt opp helga før hovudsankinga. Dette har vore svært effektivt og det er få dyr som går i feil område.

Greitt å fange etternølarane

Etter hovudsankinga i beitelaget vert nokre tekser (søyer) satt att på vangen og fella satt opp att. Dei aller fleste som er att i fjellet vil koma til saltsteinen på setra og bli fanga. Ein kan også spare mykje tid på dei individa som er litt redde. Ein person klarer fint jobben med å jage dei inn i fella, om dei ikkje har turt å hoppe inn sjølv. Dette er som oftast sau som er slept frå andre setre, dei likar ikkje å gå inn på feil vang. Med feller på dei fleste vangane, går det no greitt å sanke etternølarane i den næraste vangen. >>



Øvst på fella er det spikra på ein planke som stikk litt ut, slik at sauene ikkje kan hoppe tilbake.



Bruenden blir heva ved at ein trebukk på 60 cm blir satt under, da blir dette ei høg nok felle på ca. 90 cm.

Rampehøgde på 90 cm

På Fossan hjå Erik er trebukken som blir satt under brua 60 cm høg, dette pluss dei 23 cm som brudekket bygger

opp, vert det litt under 90 cm å hoppe ned. Brua er om lag 60 cm brei. Eivind har valt å ha 90 cm høgde på rampa, inkludert ein planke som ligg flatt på toppen og stikk litt ut. Det er viktig at ingen sau klarer å stikke av igjen, samtidig med at alle tør å hoppe ned. Rampa er her 2,5 meter brei.

Smarte løysingar

Erik har mange smarte løysingar ved sankeanlegget sitt. Sorteringsanlegg ved



Gjerdeklyv lettar tilgangen utan at utgarden og folk tar skade.



Sorteringsgrind på vangen på Fossan.

fella gjer at ein raskt sorterer tekser, lam og sau til andre eigarar. Og for den som er lei av å klatre utgard er gjerdeklyvet, som sau ikkje kan bruke, til stor hjelp.

*Av Torhild Svisdal Mjøen,
Oppdal Landbruksrådgiving*

Campaign For Wool Norge



Et seminar om design, mote og betydningen av råvarer for innovasjon.

Ullstasjoner:

Gol
32 02 96 12

Førde
57 83 47 53

Sandeid
52 76 42 05

Forus
52 87 78 23

Bjerka
975 47 276

Malvik
480 11 710

Målselv
958 98 388

I anledning årets Ulldag i Oslo arrangerer Nortura/Norilia «Campagin For Wool Norge» under Oslo Innovation Week. Et seminar om design, håndverk og mote, - og betydningen av råvarer for innovasjon

Sted: Næringslivets Hus, Middelthuns gate 27, 0305 Oslo

Dato: mandag 13/10 2014

Tid: kl 13.00 – 17.00

For mer informasjon og påmelding: Gisle@norwegianfashioninstitute.com

I tillegg er vi med og støtter/arrangerer flere ull-aktiviteter gjennom året. Blant annet Ulldagane i Bergen som ble avholdt i august og den kommende Ulluken 2014 VESTLANDET 26. sept – 5.oktober. Les mer på hjemmesiden www.ulluken.no

Levør ullen til Nortura/Norilia og bidra til din egen fremtid. Vi gir alt for deg – alltid!



www.norilia.no